



Linda Røyseth Sandhåland  
Skurtveitvegen 66  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/615 - 17/5509

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
20.03.2017

## Godkjenning- Søknad om tilbygg og fasadeendring på bustad, Gbnr 48/53

**Administrativt vedtak. Saknr: 80/2017**

### **SAKSUTGREIING:**

#### Omsøkt tiltak:

Linda R. og Malvin Sandhåland har ved søknad journalført motteke 9.3.2017 søkt om løyve til oppføring av tilbygg og fasadeendring til sin einebustad på gbnr 48/53 på Skurtveit i Meland kommune. Tilbygget er opplyst med BYA på 37,5 m<sup>2</sup> og BRA på 35,77 m<sup>2</sup>.

Eigedommen er på 1715,8 m<sup>2</sup>. Eksisterande einebustad er i matrikkelen opplyst til 266 / 298 m<sup>2</sup> BRA/BYA, totalt vil bustaden få eit BRA på 302,17 m<sup>2</sup> og BYA på 335,9 m<sup>2</sup>. Det vert vist til søknad med vedlegg.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 7.3.2017. Alle naboar har samtykka til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 48/53 ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett som LNF- spreidd bustad, (opplista i tabell 9.1 over bygde bustadeigedomar med status som LNF- spreidd bustad). På desse eigedommane opnar det for nokre mindre tiltak, som omsøkt fasadeendring/tilbygg (opplista i punkt 3.2.1). Tiltaket er i tråd med KPA føresegn 1.6.14 tilhøve mellom busetnad tomt- Einebustad.

#### Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 9.3.2017. Omsøkt plassering er i samsvar med pbl § 29-4 første og andre ledd.

Planløyvsning, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 9.3.2017. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1 – 29-3.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl § 20-4 løyve til fasadeendring og oppføring av tilbygg til einebustad på 37,5 m<sup>2</sup> BYA og 35,77 m<sup>2</sup> BRA på gbnr 48/53 på Skurtveit i Meland kommune, i samsvar med søknad journalført motteke 9.3.2017. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonskart og plan-, snitt og fasadeteiningar journalført motteke 9.3.2017. Minsteavstand på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkellova er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå. Klagen skal vera grunngjeven

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar

kart

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - Fasadeendring - byte av vindu med terassedør GBNR 48/53

**Mottakere:**

Linda Røyseth Sandhåland

Skurtveitvegen 66 5917

ROSSLAND

Malvin Sandhåland

Skurtveitvegen 66 5917

ROSSLAND